

KOMMUNAL PLANSTRATEGI FOR OS KOMMUNE

2012- 2015



1. INNLEIING

2. NASJONALE FORVENTNINGAR

3. REGIONALE FORVENTNINGAR

4. OS SI ROLLE I REGIONEN

5. GJELDANDE KOMMUNEPLAN

6. SAMORDNING AV KOMMUNEN SINE PLANAR

6.1 Dagens planarbeid

6.2 Forslag til endringar

7. UTFORDRINGAR OG KORLEIS EIN KAN MØTE DESSE

7.1 Klima og energi

7.2 By- og tettstadsutvikling

7.3 Samferdsle og infrastruktur

7.4 Verdiskaping og næringsutvikling

7.5 Natur, kulturmiljø og landskap

7.6 Helse, livskvalitet og oppvekst

8. KONKLUSJON

VEDLEGG:

Oversikt over alle planar i Os

1. INNLEIING

I den nye plan- og bygningslova av 2008 vart kommunal planstrategi innført som eit nytt verktøy i den kommunale sakshandsaminga. I § 10-1 står det:

«Kommunestyret skal minst en gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.

Kommunen skal i arbeidet med kommunal planstrategi innhente synspunkter fra statlige og regionale organer og nabokommuner. Kommunen bør også legge opp til bred medvirkning og allmenn debatt som grunnlag for behandlingen. Forslag til vedtak i kommunestyret skal gjøres offentlig minst 30 dager før kommunestyrets behandling.

Ved behandlingen skal kommunestyret ta stilling til om gjeldende kommuneplan eller deler av denne skal revideres, eller om planen skal videreføres uten endringer. Kommunestyret kan herunder ta stilling til om det er behov for å igangsette arbeid med nye arealplaner i valgperioden, eller om gjeldende planer bør revideres eller oppheves.

Utarbeiding og behandling av kommunal planstrategi kan slås saman med og være del av oppstart av arbeidet med kommuneplanen, jf. kapittel 11.»

Føremålet med planstrategien er å avklara kva for planoppgåver kommunen bør starta opp med, revidera eller vidareføra i planperioden, for å leggja til rette for ei ønskt utvikling i kommunen. Det er lagt opp til at planstrategien skal omfatta alle planar for alle etatar i kommunen. Den er eit verktøy som skal hjelpe oss til å velje og prioritere, sjå heilskapen og tenke langsiktig. Dokumentet er ikkje politisk bindande. Gjennom vedtak av planstrategien skal kommunestyret ta stilling til om kommuneplanen heilt eller delvis skal reviderast. Kommunestyret kan òg ta stilling til om det i valperioden er behov for andre planar, anten dette gjeld arealplanar, temaplanar eller sektorplanar. Kommunen kan revidere planstrategien når det er behov for det, og har plikt til å utarbeide kommunal planstrategi minst ein gong i kvar valperiode.

Prosess og organisering

Rådmannens leiargruppe er administrativ styringsgruppe. Prosjektansvar og prosjektleiing er lagt til seksjon for plan. Endeleg vedtak vert gjort av Kommunestyret.

2. NASJONALE FORVENTNINGAR

I plan- og bygningslovas § 6-1 står det følgjande:

«For å fremme en bærekraftig utvikling skal Kongen hvert fjerde år utarbeide et dokument med nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging. Dette skal følges opp i planleggingen etter denne lov og legges til grunn for statens deltaking»

Føremålet med dei nasjonale forventningane er å gjere planlegginga meir målretta og medverke til at nasjonale interesser vert tekne omsyn til. Dei nasjonale forventningane skal medverke til ei bærekraftig utvikling (Plannytt nr. 1/2012 s. 6) Her er kort om forventningane som skal leggjast til grunn for den kommunale planstrategien i denne perioden (**Jamfør: T 1497: Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging**)

Klima og energi

Klimautfordringane og norsk energiomleggingspolitikk må takast omsyn til i planlegginga. Det skal leggjast til rette for redusert energibruk og klimagassutslepp, energieffektivisering og utbygging av fornybar energi. Klimatiltak som har positive verknader for naturmangfald og miljøverdiar skal prioriterast.

By- og tettstadsutvikling

Avgrønsing av biltrafikk, miljøvenleg transport, kollektiv- gang- og sykkeltransport er viktig når kommunen arbeider med areal- og transportutvikling.

Samferdsle og infrastruktur

Planprosessar som gjeld samferdsel må samordnast, og både fylkeskommunane og kommunane har ei aktiv rolle i statleg transportplanlegging.

Verdiskaping og næringsutvikling

Kommunane skal legge til grunn eit breitt verdiskapingsperspektiv for næringsutviklinga, der eksisterande og nye næringar basert på lokale natur- og kulturressursar vert vektlagde.

Natur, kulturmiljø og landskap

Planlegginga skal byggje på oppdatert og tilgjengeleg kunnskap om arealbruk og natur-, kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsverdiar. Nødvendig kartlegging og vurdering av desse verdiane inngår i planlegginga.

Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø

Kommunane skal ha oversikt over helsetilstanden i befolkninga. Folkehelseutfordringane inngår som grunnlag i arbeidet med kommunal planstrategi.

3. REGIONALE FORVENTNINGAR

Hordaland fylkeskommune vedtok sin første planstrategi i 2010, for perioden 2010- 2012. Regional planstrategi for Hordaland gjev utviklingsretning for fylket. Planstrategien skildrar dei viktigaste utviklingstrekk, utfordringar og moglegheiter.

Temaområde for regional planstrategi er:

Folkehelse
Areal
Transport
Kultur
Næring

Temaområda er vidareført i punkt 7:» Utfordringar og korleis ein kan møte desse».

4. OS SI ROLLE I REGIONEN

Os kommune er regionsenter for Bjørnefjordregionen. Her vert det samarbeida innan barnevern, oppkrevjing av skatt, landbrukskontor og legevakt. Os er òg med i Businessregion Bergen, Bergensalliansen, Bergen og Omland Havnevesen og Bergen og Omland Friluftsråd.

Os kommune har eit stort potensial for befolkningsvekst og anna utvikling på grunn av si plassering som nabo til storbyen Bergen. Os ligg i eitt av dei områda rundt Bergen som er mest etterspurt av bustadsøkjarar.

Vekstraten i Bergen og Bergensområdet er høg, og dette skuldast naturleg tilvekst (fødseloverskot), tilflytting frå utlandet og flytteoverskot i forhold til andre deler av landet. Statistisk sentralbyrå (SSB) har prognosar for auke i folketalet dei neste 20 og 30 åra. For Bergensområdet vil folketalet auke med omlag 100.000 til 2030 og 160.000 til 2040. Bergen kommune har sjølv knapt med tomtar som medfører press i bustadmarknaden. Dette gjev seg utslag i høg prisvekst og stort press på dei næraste nabokommunane rundt Bergen.

Os kommune har, saman med dei andre nabokommunane rundt Bergen, ei viktig rolle i å bidra til at det samla vekstgrunnlaget i regionen kan utnyttast. Det er også i Os kommunen si eiga interesse å ta del i denne veksten. Både for å tilfredsstille det samla bustadbehovet og for å tilby større breidde og bustadstorleikar, må det leggjast til rette for aukande bustadtilbod i kommunane rundt Bergen. Desse kommunane må ta del i ekspansjonen, og den beste måten å gjere dette på er ved å leggja til rette for større vekst i eigen regi og ta eit overordna plangrep for bustadstrukturen. Dette inneber endringar i utbyggingsstrategi. (Arealdelen til kommuneplanen for Os 2011—2022)

5. GJELDANDE KOMMUNEPLAN

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna styringsdokument og vert delt inn i ein arealdel og ein samfunnsdel.

«Kommuneplanen sin arealdel er ein del av kommunen si langsiktige planlegging. Den skal samordne viktige behov for vern og utbygging, slik at det er lettare å utarbeide meir detaljerte planar og raskare ta avgjerder i enkeltsaker i tråd med kommunale mål og nasjonal arealpolitikk». (Miljøverndepartementet: Kommuneplanens arealdel)

Arealdelen, som aktivt styringsreiskap, bør vise område der kommunen ønskjer ein spesiell planinnsats og illustrere areal som er viktige å forvalte på bestemte måtar. I kvar valperiode skal kommunestyret vurdere kommuneplanen samla og om det er naudsynt å føreta endringar i den.

Forslag til rullering av kommuneplanen sin arealdel viser kommunen sitt grep for vidare utvikling gjennom plankart, planskildring, planføresegner, retningslinjer og konsekvensutgreiing med ROS- analyse.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen samla og kommunen som organisasjon. Den bør skildre og vurdere alternative strategiar for utviklinga i kommunen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal vere grunnlag for tenesteområda sine planar og verksemd i kommunen. Den skal gje retningslinjer for korleis kommunen sine egne mål og strategiar skal gjennomførast i kommunal verksemd og ved medverknad frå andre offentlege organ og private aktørar.

Behov for rullering?

Samfunnsdelen til kommuneplanen skal vere ein overordna plan i kommunen og skal vere grunnlag for alle andre planar. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar. Gjeldande samfunnsdel er frå 2005 og administrasjonen meiner det er på høg tid å rullere denne planen. Delar av den eksisterande samfunnsdelen er utdatert og det er behov for å sjå på måla på nytt. Dette arbeidet bør startast opp tidleg neste år, 2013. Rådmannen har administrativt ansvar for dette arbeidet. Når kommuneplanen sin samfunnsdel er rullert, vil det vere lettare å gjere nye prioriteringar ved neste rullering i planstrategien.

Arealdelen til kommuneplanen er nyleg vedtatt, av gjeldande kommunestyre. Administrasjonen meiner at det ikkje er aktuelt å starte rullering av arealdelen før samfunnsdelen er rullert. Det kan derimot startast opp delprosjekt, for eksempel kartlegging av funksjonell strandsone.

Planbehov: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.

6. SAMORDNING AV KOMMUNEN SINE PLANAR

Os kommune gjennomfører planoppgåver innanfor ei rekkje område, både lovpålagte og ikkje lovpålagte. Planane er mange og omfattande, og det kan vere nyttig å bruke planstrategien for å sjå om kommunen sitt planarbeid kan gjerast enklare, betre og meir effektivt. Viktige mål med kommunal planstrategi er mellom anna:

- Få ei oversikt over alle planar i kommunen.
- Prioritering av planar
- Forankring av ulike tema i politisk og administrativ leiing
- Vurdere om planar kan slåst saman eller ikkje er nyttige lenger

6.1 Dagens planarbeid

Fagområda har peikt på følgjande utfordringar ved handsaming av planar:

- Det er nødvendig med ei klar avgrensing av planane. Dei bør vere enkle å bruka, og ikkje for omfattande og tungdrivne.
- Oppbygginga av planar i kommunen er svært ulik.
- Planane er kanskje ikkje så godt kjende i systemet. Det er viktig at dei er politisk forankra, samt at dei vert gjort kjent i administrasjonen.
- Dei som sit i prosjektgrupper må ha dei nødvendige fullmakter.
- Lite folk tilgjengeleg (folk i frie stillingar) til å gjere ekstra oppgåver, sidan alle allereie har nok faste arbeidsoppgåver.

6.2 Forslag til endringar

- Lage felles mal for planar, med for eksempel lik layout og innhaldsliste.
- Planane må vere lettare tilgjengelege for brukarane, gjennom INNSIO og UTSIO. Det trengst gode rutinar for å sikre at nye planar vert lagt ut.
- Styrke samarbeidet på tvers av fagområda. God kjennskap til dei ulike avdelingane og dei ulike kompetansane i tenesta er ein føresetnad for godt samarbeid og samhandling. Dette inneber treffpunkt og arena for informasjon og kunnskapsutveksling.
- Tverrfaglege arbeidsgrupper i samband med ulike planarbeid.
- Styrkja kommunen sin eigen planleggingsressurs.

7. UTFORDRINGAR OG KORLEIS EIN KAN MØTE DESSE

7.1 Klima og energi

Kommunestyret godkjente 25.9.2012 «Klima og energiplan for Os kommune». Planen tek for seg energibruk, klimagassutslepp, energiresursar og framtidig utvikling, samt tiltak for gjennomføring. Planen peikar på at mobile kjelder står for 43 % av det totale energiforbruket, medan stasjonære energiføremål utgjer 56 % av totalforbruket i kommunen. Eit overordna mål for kommunen er reduksjon av klimagassutslepp på 20 % innan 2020, i forhold til 2010 talet. Basert på analysar har ein laga følgjande tiltaksprogram:

Klimadugnad i Os kommune:

Utvikling av haldningar, kunnskap og dugleikar hjå Osingane knytt til klima og energibruk.

Energileiing og enøk-tiltak i Os kommune:

Etablera effektiv energistyring i kommunale bygg og anlegg ved organisatoriske og tekniske tiltak. Energieffektiv utvikling, drift og forvaltning av kommunale bygg og anlegg, og konvertering av elektrisitet og olje til grøn varme.

Klima og energieffektiv samfunnsutvikling:

Utgreiing, planlegging og iverksetjing av grøn varme i bustadblokker og yrkesbygg, og energi- og klimatiltak i eksisterande og nye industri- og næringsparker. Utvikle leidningsbunden transport av fjernvarme og/eller energigass langs ny E 39 frå Rådalen til Endelausmarka.

Klimaeffektiv transport i, til og frå Os kommune:

Utvikling av energieffektive og miljøvenlege transportløyisingar i, til og frå kommunen. Planleggje og setje i verk energieffektive tiltak for ferje- og båttrafikken i Os, t.d gassferjer.

Utfordring: Arbeida vidare med å få realisert måla i klimaplanen.

Planbehov: Planarbeidet vert følgd opp med statusrapport.

7.2 By og tettstadsutvikling

Os kommune har lenge hatt rolle som vekstkommune i Bergensområdet. Veksten i regionen har auka kraftig, og ein del av kommunane rundt Bergen har hatt ein stor del av veksten. Med utgangspunkt i Statistisk sentralbyrå (SSB) sine langsiktige prognosar og med avgrensa høve til å handtere denne veksten innanfor Bergen, må dei mest sentrale omliggande kommunane vere budd på vekst langt utover det "normale", eller det som kan nemnast som naturleg vekst (fødselsoverskotet)

Pr 1.1.2012 var det 17726 innbyggjarar i Os. Os kommune ønskjer å leggje til rette for den auka veksten det er grunnlag for, ved å klargjere areal for auka bustadbygging, næringsutvikling og sentrums-/serviceføremål. (Arealdelen til kommuneplanen for Os 2011-2022)

I arealdelen har Os kommune lagt vekt på følgjande kriterie for utviklingsområda i kommunen:

- Nærleik til kollektivtilbud
- Ligg sentralt
- Må ikkje vere i konflikt med eksisterande verneområde og friluftsområde.
- Må byggje på eksisterande infrastruktur

Aktuelle utviklingsområde vert då:


- Sentrale utviklingsområde (Osøyro)
- Nye utviklingsområde slik som Bjanes og Endelausmarka/ Lysefjorden
- Allereie etablerte utviklingsområde, der det er rom for meir utbygging/fortetting (Sjå eige kart side 10)

Til saman er det sett av areal til 4500 nye bustader.

Utfordring: Større utbygging i nye utviklingsområde gjev òg eit auka behov for kollektivtransport, mellom anna Ringrute. Det høge kravet til parkeringsdekning er ei utfordring. Sterk folkeauke, auka fokus på reduksjon av klimagassutslepp og ønskje om fortetting gjer at administrasjonen ser eit behov for å vurdere parkeringsnormen i kommunen.

Planbehov: Rullering av parkeringsnormen.

Planbehov: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel.



Figur 1 Kjerneområde for utvikling i Os kommune

7.3 Samferdsle og infrastruktur

Os kommune har utarbeidd eigen trafikksikringsplan som viser ulike tiltak som skal gjennomførast for å gjere vegnettet sikrare for alle trafikkgrupper, særleg for dei mjuke trafikantane og for å sikra skuleveggar. Mellom anna er gang- og sykkelvegen rusta opp mellom Søfteland og Os, og teknisk infrastruktur er lagt i traseen. Dette arbeidet har vore eit spleiselag mellom fylkeskommunen, Statens vegvesen og Os kommune. Liknande prosjekt er ønskeleg å vidareføre for andre delar av kommunen. Trafikksikringsplanen vert vurdert rullert ved starten av kvart ny kommunestyreperiode. (Arealdelen til kommuneplanen for Os 2011–2022) Ein bør òg sikre areal til framtidig utbygging og fradeling langs eksisterande veggar, samt sikre areal for eventuell kyststamveg. Dette gjeld eventuell utviding til 4-feltsveg til Halhjem eller ferjefri E 39 mellom Bergen og Aksdal.

Det er planlagt 3 større vegprosjekt i Os kommune. Det er utviding av Hatvikvegen, utviding av Lepsøyvegen og ny E39 frå Sveгатjørn, gjennom Endelausmarka, til Rådal.

Os kommune er i gang med arbeidet med områderegulering av eit nytt hovudavløpsanlegg, OHARA. Området som kan bli omfatta av områdereguleringa, strekker seg frå Ulvenvatnet i nord til Kuhnlevika i søraust.

Utfordring: Utviding av vegar og spesielt ny E39 vil medføre at store mengder massar og tunnelmassar må deponerast.

Planbehov: Hovudplan for avløp.

Planbehov: Hovudplan for vassforsyning.

Planbehov: Plan for massehandtering.

Planbehov: Rullering av trafikksikringsplan.

7.4 Verdiskaping og næringsutvikling

«Talet på arbeidstakarar i Os er vel 8000 (2007). Om lag 5500 av desse har arbeid i kommunen (2007). Os er med andre ord ein kommune med stor netto utpendling, og er såleis ganske lik ein del andre omegnskommunar til Bergen. Arbeidstakarar busette i Os pendlar særleg til følgjande kommunar: Bergen (3202), Fusa (191) og Fjell (70)». (Arealdelen til kommuneplanen for Os 2011- 2022)

«Pendling inn til Os gjeld særleg arbeidstakarar busette i: Bergen (691), Fusa (67), Stord (35) og Tysnes (28). Den store pendlingstrafikken mellom Os og Bergen, fyrst og fremst på E39, utgjer ein vesentleg faktor i trafikksituasjonen i kommunen». (Arealdelen til kommuneplanen for Os 2011- 2022)

Arbeidsmarknaden må forvente ei endring i dette biletet gjennom realiseringa av E39 og store næringsareal i Endelausmarka. Planen føreslår at størstedelen av behovet for næringsareal er fanga opp langs E 39 og ved allereie etablerte næringsareal.

Næringsområdet i Endelausmarka er viktig for arbeidsmarknaden i Os. Arealet som er på ca 800 mål, der 500 mål er regulert til næringsføremål, er knytt til ny E39 Os-Bergen, og skal utviklast parallelt med bygginga av den nye stamvegen mellom Os og Bergen. Truleg vil vegprosjektet og næringsareal stå ferdig i 2018. Dette er den største næringsarealreserven i Bergensregionen.

Utfordring: Utvikling av næringsområdet i Endelausmarka.

Planbehov: Eigen utviklingsplan for Endelausmarka.

7.5 Natur, kulturmiljø og landskap

Det bør vurderast å starte opp eit eige prosjekt for å definere den funksjonelle strandsona. Os kommune har òg fleire viktige landskapstypar knytt til strandsona, som det vil verta knytt retningslinjer til. Ein strandsonenplan bør innehalde strategiar og føresegnar som kan nyttast av kommunen ved forvaltning, planlegging og saksbehandling av tiltak i den funksjonelle strandsona. Dette kan gje større sjølvråderett lokalt i arealpolitikken, høve til å fortetta i allereie utbygd strandsona, sikra verna område, sikra eigna område for ålmenta og sikra busetting og næringsliv.

Os kommune har mange flotte friluftsområde både i strandsona og fjellområda. Samanlikna med andre kystkommunar er Os ein av dei kommunane som har sett av mest areal til friluftsføremål. Det er viktig at det er friluftsområde som er universelt utforma, samt at det er parkeringsplassar tilgjengeleg.

Landskapskartleggingar syner at landskapet i Os har stor variasjon i topografi/ geologi, og dette gir stor spennvidde i landskapskarakter. Det er viktig at ein tek omsyn til landskap og estetiske kvalitetar i byggeområda, spesielt er dette viktig i nærleiken til strandsona. Gjennom planane «Handlingsplan for landbruk» og «Kjerneområde landbruk» er kommunen sine landbruksverdiar, og den verdi landbruksnæringa har for innbyggjarane i form av produksjon av mat og varer og tenester, samt opplevingar i vakkert kulturlandskap, skildra.

Os kommune har mange automatisk freda fornminner. Dei viktigaste er klosterruinane, Vargaholo, helleristningsfeltet i Grødalshaugen og kleberbrot i Steinkulo, samt mange gravhaugar. Os stasjon er regulert til spesialområde vern. Andre kulturminne som kan vera aktuelle å verna er Lysøen, Søviktunet, det gamle kommunehuset, naustmiljøet i Strønesjøen med fleire. Gamle ferdsselsvegar, som Postvegen, er òg viktige å ta vare på.

Utfordring: Eksisterande Kulturminneplan er frå 1992 og bør oppdaterast.

Planbehov: Kartlegging av strandsona.

Planbehov: Rullering av Kulturminneplan for Os kommune.

7.6 Helse, livskvalitet og oppvekst

1. januar 2012 vart Samhandlingsreforma innført. Eitt av måla er auka vektlegging av folkehelsearbeid. Folkehelseprofilen som er laga av Nasjonalt folkehelseinstitutt er eit bidrag til kommunen sitt arbeid med å skaffe seg oversikt over helsetilstanden i befolkninga, og viktig for førebyggingsarbeidet.

Folkehelseprofilen peikar på følgjande positive trekk ved Os:

- Fleire i Os fullfører vidaregåande skule enn landssnittet
- Andel eldre lågare enn snitt (dette vil endre seg frå 2020)
- Folkeveksten er over landssnittet
- Lågare arbeidsløyse enn landssnittet
- Uføretrygda under 45 er lågare enn snitt
- Sosial ulikskap er mindre enn landssnittet
- Færre psykiske lidningar enn landssnittet
- Hjarte- og karsjukdom er mindre utbreidd enn landssnittet

Folkehelseprofilen peikar på følgjande negative trekk:

- Resultat i grunnskulen er lågare enn landssnittet
- Røyking ved første svangerskapskontroll er noko høgare enn landssnittet
- Høg fødselsvekt er noko høgare enn landssnittet

«Omsorgsplanen 2015 anslår behov for 60.000 nye plasser for heildøgns teneste fram til 2030 på landsbasis. Husbanken sine nye tilskotsordningar til nybygg skal tilpassast menneske med demens og kognitiv svikt. Det er eit tydeleg behov for ombygging og tilpassing av gamle bygg. Etter kvart vil det bli behov for fleire plassar i buformer som eignar seg for menneske med demens. « (Os kommune: Strategidokument- utvikling av omsorgstenesta-utbygging)

Samhandlingsreforma vil krevje samarbeid og samhandling mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta og meir interkommunalt samarbeid om behandlingstilboda innan helse og omsorg. Auka vekt på førebygging, habilitering/rehabilitering, strategiar for læring og meistring, på rettleiing og opplæring overfor innbyggjarane, vil krevje langt breiare kompetanse enn den tradisjonelle helsefaglege kompetansen.

Frå ca 2020 er det venta stor vekst av eldre over 80. Auken av eldre over 80 er ei stor utfordring, og ei større utfordring enn det som er skildra i den eksisterande kommuneplanen sin samfunnsdel.

Os kommune har gjennom fleire år hatt fokus på å gjere viktige friluftsaerial offentleg tilgjengeleg. I tillegg er det utarbeidd kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet (2008-2011). Denne er no under rullering. Eit av dei politiske måla er:

”Os kommune skal leggja til rette for idrett og friluftsliv på ein slik måte at det inspirerer menneske i alle aldersgrupper i kommunen til å driva regelmessig fysisk aktivitet. Idrettsanlegg, turløyper, gang- og sykkelveggar og tilbod om organisert aktivitet skal vera av så god kvalitet at det er med og gjev grunnlag for vekst og utvikling i kommunen.”

Os kommune har også vedteke rusmiddelpolitisk handlingsplan (2005 – 2007) og plan for psykisk helsearbeid (2007 – 2010). Desse planane er framleis viktige grunnlagsdokument i folkehelsearbeidet.

Utfordring: Kommunen må sjå på korleis ein kan løyse helseutfordringa for eldre og unge i eit folkehelseperspektiv.

Planbehov: Rullering av kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

Planbehov: Rullering av Helse og omsorgsplan.

Planbehov: Kvalitetsplan, Oppvekst og kultur.

8. KONKLUSJON

I arbeidet med Kommunal planstrategi for Os kommune 2012- 2015 har ein forsøkt å samle alle planane i Os kommune, vurdert om det er nokre planar som bør endrast og sjå om det er planar som ein kan slå saman. Det vart mellom anna vurdert om ein kan ha ein felles plan for veg, vatn og avløp. Noko som ein gjennom diskusjon har funne ut ikkje er særleg realistisk eller vil gjere noko for å forenkle arbeidet.

Os kommune har mange spennande utfordringar framfor seg, spesielt knytta til ny E 39 og næringsområdet i Endelausmarka.

Med bakgrunn i arbeidet med Kommunal planstrategi for Os kommune 2012- 2015, har styringsgruppa kome fram til ei vurdering av kva planar som dei ser som viktigast å prioritere. Styringsgruppa har bevisst valt å ikkje prioritera for mange planar for å gjere dokumentet så realistisk som mogeleg.

Styringsgruppa har kome fram til følgjande forslag til vedtak:

I medhald av § 10-1 i plan- og bygningslova godkjenner Os Kommunestyre «Kommunal planstrategi for Os kommune 2012- 2015» med følgjande prioriteringar:

1. Rullering av Kommuneplanen sin samfunnsdel.
2. Helse og omsorgsplan.
3. Kvalitetsplan, Oppvekst og kultur
4. Rullering av hovudplan for avløp.
5. Rullering av hovudplan for vassforsyning. «

Os kommune november 2012.

Oversikt over alle planar												
Kommuneplan	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
Kommuneplanens samfunnsdel	2005		Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Kommuneplanens arealdel	2012	Vedtatt			Planlagt rullering	Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Handlingsdel				(Årleg rullering)		Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Økonomiplan/budsjett						Stab og støtte						
Geografisk kommunedelplanar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
K- delplan for Bjånes		Pågår				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
K- delplan for Borgen						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
K- delplan for Særvold						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
K- delplan for Drange- Hildershamn						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Tematiske kommunedelplanar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
K- delplan for Idrett og fysisk aktivitet	2011	Pågår				Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Hovudplan for avløp (nye anlegg)			Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift	Ja					
Hovudplan for vassforsyning (nye anlegg)			Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift	Ja					
Temaplanar og sektorplanar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
Bustadsosial handlingsplan	2011		Planlagt rullering			Tenestemråde Helse- og sosial						
Plan for psykisk helsearbeid	2010	Rullering pågår				Tenestemråde Helse- og sosial						
Plan for rehabilitering i Os kommune		Rullering pågår				Tenestemråde Helse- og sosial						
Ruspolitisk handlingsplan	2009	Rullering pågår				Tenestemråde Helse- og sosial						
Integrerings- og inkluderingsplan	2008					Tenestemråde Helse- og sosial						
Helse og omsorgsplan		Rullering pågår				Tenestemråde Helse- og sosial						
Skulebruksplan for Os kommune	2010			Planlagt rullering		Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Kvalitetssikringsplan for læring og sosial utvikling i barnehagane	2010					Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Kvalitetssikring vedkomande kartlegging av lese- og skriveferdigheter						Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Overgangsplan for barnehagar og skular						Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Plan for digital kompetanse	2007	Planlagt rullering				Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Kulturplan for skulane i Os 2010- 2012	2010					Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Kvalitetsplan, Oppvekst og kultur	2011			Planlagt rullering		Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Temaplan Kulturminner	1992	Bør rullerast				Tenestemåde Oppvekst og kultur						
Handlingsplan for landbruk	2012					Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Kjerneområde landbruk	2010					Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Oversiktsplan for skogbruket	1999					Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
SMIL (Spes. Miljøtiltak i landbruket)		Planlagt rullering				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Lokale mål og strategi for forvaltning av hjortevilt i Fusa, Os og Samnanger 2010- 2020						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Forvaltning av grå gås		NY				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Trafikksikringsplan			Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Plan for rehabilitering VA (eksisterande anlegg)						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Landbruksplan		Vedtatt				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Klima- og energiplan		Vedtatt				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Strategisk næringsplan	1998		Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Vassdragsanlegg						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Lokalforskrift for utslepp						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Beredskapsplan/kriseplan			Planlagt rullering			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Brannordningsplan						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift	Ja					
Varslingsplan- Overordnet for Os kommune		Planlagt rullering	Ferdig			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Interkommunale planar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
Fylkesgeodataplan						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Reguleringsplanar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
Områderegulering for Os sentrum vest		Pågår				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Områderegulering for Os sentrum						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Områderegulering for Hatvikvegen		Pågår				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Områderegulering for Ervikane		Pågår				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Områderegulering for Askvikneset						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Detaljeregulering for Mobergslia		Pågår				Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Detaljeregulering for Sagebakken						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Detaljeregulering for Stegle						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Detaljeregulering for Torkjeldsvegen						Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Utredningar og kartleggingar	Behov i planperioden					Ansvar	Lovpålagt					
	Vedtaksår	2012	2013	2014	2015							
Kartlegging av funksjonell strandsone			Planlagt oppstart			Tenestemråde Samfunn og Teknisk drift						
Strategiplan for massehandtering			Planlagt oppstart				Ja					